




Heilskapleg plan for tilbodsstruktur i vidaregåande opplæring

2025-2035



Vestland
fylkeskommune

Innhald

Innleiing	3
Bakgrunn for planen	3
Økonomiske og administrative konsekvensar	6
Elevtalsutvikling og søking til vidaregåande opplæring	9
Kompetansebehov	15
Vedteken heilskapleg tilbodsstruktur	16
Sunnhordland	17
Hardanger og Voss	21
Stor-Bergen	25
Nordhordland	40
Indre Sogn	43
HAFS	45
Sunnfjord og Sogn	46
Nordfjord	50

Innleiing

Dette er første gong ein felles heilskapleg plan for tilbodsstruktur vert utarbeidd i Vestland. Demografiske endringar, endra elevsøking og arbeidslivet sitt behov for kompetanse driv fram behov for ein heilskapleg plan. Den heilskaplege planen skal gjelde frå 2025 til 2035, med planlagd rullering minst kvart fjerde år.

Behovet for å utarbeide ein heilskapleg plan for tilbodsstruktur i Vestland fylkeskommune er knytt til å vurdere det samla vidaregåande opplæringstilbodet i fylkeskommunen. Saka har ikkje som formål å effektivisere skulestrukturen, men legge til rette for ein meir føremålstenleg tilbodsstruktur ut i frå ulike variablar, som forventet elevtalsutvikling, over- og underkapasitet på opplæringstilboda og arbeidslivet sitt behov for kompetanse og arbeidskraft.

Bakgrunn for planen

Politiske vedtak

Finansutvalet handsama 8.3.22 Sak PS 1/22 Budsjett 2023/økonomiplan 2023-2026, og fatta følgande vedtak: "Finansutvalet ber om at det vert sett i gang prosess med kunnskapsgrunnlag for langsiktig planlegging av opplæringstilbodet."

Fylkestinget handsama 13.06.23 sak PS 47/2023 "Kunnskapsgrunnlag for planlegging av det yrkesfaglege opplæringstilbodet i Stor-Bergen". Vedtakspunkt 4 seier:

Fylkestinget viser til vedtak i finansutvalet i mars 22 og til VP 14 i budsjettet for 2023. Fylkestinget har peika på at ein også må sjå kapasiteten i lys av fullføringsreforma og ny opplæringslov.

For å sikre at ein har ein oppdatert informasjons og kunnskapsgrunnlag for betre planlegging av opplæringstilbodet i lys av elevtalsutvikling og behov i arbeids og næringslivet ber utvalet om at kunnskapsgrunnlag for resterande delar av fylket og ein heilskapleg plan/sak vert å legge fram for utvalet seinast innan oktober. Kunnskapsgrunnlaget bør ha med ei oversikt over kor ein har samarbeid med arbeidslivet om opplæring/bruk av verkstader, samt ei vurdering av potensialet for meir samarbeid som eventuelt kan frigjere kapasitet i eigne bygg.

Norconsult kartla våren 2023 kapasiteten på det yrkesfaglege opplæringstilbodet i Stor-Bergen, jf. PS 47/2023. Rapporten dokumenterte underkapasitet i inntaksområdet. Fylkesdirektøren har vidare engasjert Norconsult til å kartlegge kapasiteten ved både studieførebuande og yrkesfaglege utdanningsprogram, ved alle dei vidaregåande skulane i Vestland fylkeskommune.

4. april 2024 vedtok fylkesutvalet å sende heilskapleg plan for tilbodsstruktur for vidaregåande opplæring på offentleg høyring. Høyringsfristen var seks veker. Framlegget var basert på prinsipp vedtekne i fylkesutvalet 4. januar 2024.

Prinsipp og mandat

Prinsipp og mandat for ein ny heilskapleg plan for tilbodsstruktur for Vestland vart vedteke i fylkesutvalet 04.01.2024, sak 201/2023. Fylkesutvalet gjorde følgande vedtak:

1. Fylkesutvalet gir fylkesdirektøren mandat til å lage ein ny heilskapleg plan for tilbodsstruktur i Vestland fylkeskommune. Planen skal bygge på vedtekne prinsipp for tilbodsstrukturen. Planen skal vise ulike alternativ for tilbodsstrukturen i Vestland. Fylkestinget skal handsame planen i oktober 2024.
2. Planen skal bygge på følgjande prinsipp: Dei 4 måla i temaplanen fornye og forbetre skal være førande for arbeidet med tilbodsstruktur i Vestland.

Tilbodsstrukturen i Vestland fylkeskommune skal:

- vidareføre den desentraliserte skulestrukturen. I distrikta er skulen ein viktig hjørnestein for lokalsamfunna og sikrar mange elevar mogelegheit til å gå på ein skule nær der dei bur. Elevane skal ha tilgang på variert opplærings- og linjetilbod i sine nærområde
- ha eit tilbod om alle utdanningsprogram og eit breitt spekter av programområde
- sikre eit så likeverdig og breitt tilbod som mogeleg ved å nytte nettundervisning som eit supplement til det integrerte og ordinære tilbodet for alle elevar. Nettundervisning skal i mest mogeleg grad vere eit supplement til ordinær undervisning
- sikre at tilboda i størst mogeleg grad er komplementære mellom skulane i elevane sitt bu og leveområde, dette omfattar eit auka samarbeid mellom skulane for å styrke tilbodet til elevane
- samle fagtilboda der det er føremålstenleg, slik at ein sikrar sterke fagmiljø og ei effektiv utnytting av areal og utstyr. Dette vil gjelde i større grad der det er små reiseavstandar mellom skulane og tilboda
- nytte eksisterande bygningsmasse på ein effektiv måte, bygge og rehabilitere for eit fleksibelt bruk
- i størst mogeleg grad dimensjonerast etter arbeidslivet sitt behov for kompetanse både no og i framtida. På yrkesfag må det vere samsvar mellom behovet i arbeidslivet, tal på elevar i skulen og tal på tilgjengelege læreplassar
- ta omsyn til forventa elevtalsutvikling i dei ulike delane av fylket
- sikre at flest mogeleg vg1-elevar slepp ein ufrivillig lang reiseveg
- fremje inkludering og mangfald blant elevane ved skulane
- sikre eit pedagogisk og sosialt godt tilbod til alle elevar
- vere økonomisk berekraftig og sikre ei fleksibel løysing for framtida

Merknad 1 Utvalet viser til tidlegare utgreiing frå Norconsult om plasstal i gruppene på yrkesfag og ber administrasjonen ta omsyn til dette.

Merknad 2 Utvalet peikar på at Opplæringslova §8-2 seier at gruppene ikkje må være større enn det som er pedagogisk og tryggleiksmessig forsvarleg

Offentleg høyring

Den offentlege høyringsprosessen gjekk fram til 21. mai. Grunna nokre tekniske utfordringar med høyringsplattforma vart denne fristen forlenga. Innspel som kom på e-post vart også teke med i det samla høyringsgrunnlaget.

Gjennom høyringsprosessen fekk fylkeskommunen skriftlege innspel frå 659 unike innsendarar. Nokre innsendarar sende inn fleire innspel slik at det samla talet på høyringsinnspel var høgare. Til Nordfjord kom det inn 267 innspel, Hardanger og Voss 149 innspel, HAFS, Sunnfjord og Sogn 70 innspel, Stor- Bergen 61 innspel, Vestland 48 innspel, Sunnhordland 34 innspel, Nordhordland 32 innspel og Indre Sogn 20 innspel. Majoriteten av innspela kom frå kategorien privatpersonar, med til saman 296 innspel. Lag og organisasjonar stod for 91 innspel, næringslivsrepresentantar 83 innspel, offentlege instansar 82 innspel, arbeidstakarorganisasjonar 54 innspel og politiske organ 53 innspel. Flest innspel omhandla skulane Firda vgs, Voss gymnas, Måløy vgs og Eid vgs med høvesvis 184, 125, 79 og 57.

I april var det gjennomført sju fysiske høyringsmøte i fylket:

- Måndag 15.april: Sunnhordland
- Tysdag 16.april: Nordhordland
- Onsdag 17.april: Stor-Bergen
- Måndag 22.april: Indre Sogn
- Torsdag 25.april: Hardanger og Voss
- Måndag 29.april: HAFS, Sunnfjord og Sogn
- Tysdag 30.april: Nordfjord

Publikum som deltok på høyringsmøta hadde høve til å melde seg på talarliste og ytre seg i plenum, samla var det 166 munnlege innspel og 1100-1200 til stades på dei sju møta. Møtet i Nordfjord vart i tillegg streama.

Høyringsinnspela

Fylkesdirektøren vil her kommentere ein del av dei skriftelege innspela som gjeld for heile Vestland fylkeskommune og innspel som omhandlar fleire av inntaksområda og/eller fleire skular.

Breidda i tilboda

Mange av innspela peikar på at breidda i opplæringstilboda blir redusert ved dei forslegne endringane og at det særleg går ut over utdanningsprogramma musikk, dans og drama; kunst, design og arkitektur; medium og kommunikasjon og frisør, blommar, interiør og eksponeringsdesign. Det er peika på at kulturlivet vert fattigare dersom ein tek bort tilboda i vidaregåande skule, ettersom skulane kan vere gode aktørar for å fremme kulturlivet innan mange fagfelt.

Høyringsforslaget om å ikkje tilby halve klassar medfører eit smalare utdanningstilbod ved skular som i dag har halve klassar. Dette gjeld dei studieførebuande utdanningsprogramma musikk og medium og kommunikasjon på Stord vgs, musikk og kunst, design og arkitektur på Voss gymnas, medium og kommunikasjon og kunst, design og arkitektur på Førde vgs og dans og drama på Firda vgs.

Halve klassar kan organiserast med felles undervisning i fellesfaga (norsk, naturfag, engelsk, matematikk, geografi, språk, samfunnsfag og kroppsøving), men må ha separate undervisningstimar i programfaga (som t.d. musikk, danseteknikkar, mediasamfunnet, kunst og visuelle verkemiddel). Opplæringstilbod med halve klassar krev ekstra midlar tilsvarande 0,25 klasseressurs per halve klasse. I tillegg er det krav om enkelttimar i instrumentopplæring ved programområdet musikk.

Bekymring for lengre reiseveg eller ufrivillig flytting på hybel

Fleire høyringsinnspel uttrykker bekymring for at endringar i tilbodsstrukturen kan medføre lenger reiseveg eller ufrivillig flytting på hybel, og at dette kan få fleire negative konsekvensar. Innspel frå lag og organisasjonar peikar på at det vil vere krevjande å oppretthalde noverande aktivitet dersom fleire ungdomar i nærområdet må flytte på hybel. Endringar i opplæringstilboda ved skulane kan føre til endringar i søkarmønsteret, dette på bakgrunn av at ein stor del ungdomar søker opplæringstilbod på bakgrunn av tilbod ved næraste skule og ikkje ut i frå eit bevisst framtidig yrkesval. Ungdom som søker vidaregåande opplæring for å få ei bestemt utdanning som ikkje finns på næraste skule, er oftast innstilte på å pendle eller flytte på hybel. Sjå grundigare omtale i kapittelet «Hybelbuarar i Vestland fylkeskommune».

Desentralisert skulestruktur og varierte opplæringstilbod i eleven sitt nærområde

Nokre innspel peikar på at høyringsforslaget bryt med prinsipp om desentralisert skulestruktur og eit variert opplæringstilbod i inntaksområda. Fylkesdirektøren har i høyringsframlegget lagt til grunn at fylkeskommunen skal ha ein desentralisert skulestruktur, der opplæringstilbodet vert tilpassa endringar i høve til forventta søkartal. Alle dei fem største utdanningsprogramma, som har flest søkarar og er viktige for regionalt arbeidsliv, vert vidareført i alle inntak-

sområda med unntak av HAFS som berre har ein skule. Ved redusert breidde i opplæringstilboda ved enkelte skular, kan dette styrke søkinga til skulen sine opplæringstilbod og oppretthalde eksisterande utdanningsprogram over tid.

Nytte eksisterande bygningsmasse

Nokre innspel peikar på at eksisterande bygningsmasse ikkje kjem til å bli effektivt utnytta ved foreslegne endringar i høyringsforlaget. Fylkeskommunen har 42 skular med stort sett god bygningsmasse. Nokre skular held til i leigde lokalar og ved nokre skular vert leigde lokalar nytta i opplæring for enkelte programområde. For å utnytte bruk av arealkrevjande verkstadslokale og kostnadskrevjande undervisningsutstyr, er det på vg2 yrkesfag framlegg om å samle nokre programområde på færre skular.

Økonomiske og administrative konsekvensar

Økonomiske utfordringar

Fylkeskommunen har store økonomiske utfordringar i åra framover. I vedteken økonomiplan ligg det aukande krav om innsparing for opplærings- og kompetansesektoren. Dette stiller krav til sektorane om å nytte ressursane på ein effektiv måte for å kunne oppretthalde og vidareutvikle tenester med god kvalitet.

I økonomiplan 2025-2028 er den økonomiske ramma for opplæring og kompetanse i økonomiplanperioden redusert med 30,3 mill. kr samanlikna med 2024. Som følgje av redusert ramme, uspesifiserte nedtrekk vedteke i økonomiplan 2024-2027 og nye behov er salderingsutfordringa i 2025 56,4 mill. kr aukande til 85 mill. kr i 2026, 96,8 mill. kr i 2027 og 98,4 mill. kr i 2028. For å tilpasse drifta til den økonomiske ramma er det i a-dok 2/24 til finansutvalet mellom anna lagt til grunn eit generelt nedtrekk på dei vidaregåande skulane på 1,6 mill. kr i 2025 aukande til 56 mill. kr i 2028.

Den prognostiserte reduksjonen i elevtal i åra framover utfordrar tilbodsstrukturen ved dei vidaregåande skulane. Ein heilskapleg plan for tilbodsstruktur kan møte nokre av utfordringane reduksjonen i økonomisk ramme vil gi fylkeskommunen i åra framover, og samtidig sikre eit fagleg og pedagogisk godt tilbod til elevane. Ved å bygge tilbod som har eit stabilt søkartal, er komplementære mellom skulane og som har eit elevtal som gjer tilbodet pedagogisk forsvarleg, kan bidra til å redusere tal ledige plassar og sikre berekraftige tilbod.

Dersom fylkeskommunen ikkje klarar å ta ned klassetalet tilsvarende reduksjonen i elevtal og redusere tal ledige plassar vil dette utfordre den økonomiske ramma for sektoren ytterlegare.

Tilbodsstrukturen for vidaregåande opplæring i Vestland vert justert kvart år etter forventa elevtal, kompetansebehov i arbeidslivet og dei økonomiske føresetnadane som ligg til grunn. Opplæringstilboda utgjer størstedelen av budsjettet for vidaregåande opplæring i Vestland. Ulike utdanningsprogram og programområde vil ha ulike kostnader knytt til t.d. behov for utstyr, areal eller timetal.

Klassar som ikkje er fylt opp er kostbare for fylkeskommunen, og binder midlar som elles kunne vore nytta til dømes til å gje andre tilbod. Lønnskostnadane er like store i ein klasse som ikkje er fylt opp, som i ein klasse som er heilt full. I område med lågt elevgrunnlag vil det vere ei utfordring å tilby like mange ulike utdanningsprogram og programområde, som i område med stort elevgrunnlag.

Vestland fylkeskommune sin budsjettfordelingsmodell er i dag i hovudsak basert på klassetal. Det vil seie at skulane

får storparten av midlane til å drive opplæring etter kor mange klassar skulen får oppretta og ikkje etter kor mange elevar som er i klassane.

Føresetnader for berekning av økonomiske konsekvensar

I samband med denne saka har fylkesdirektøren vidareutvikla budsjettfordelingsmodellen til å rekne snittkostnad per klasse. Følgjande prinsipp er lagt til grunn for å rekne ut snittkostnad per klasse:

- Kostnaden tek opp i seg element som vert påverka av endringar i klassetal. Basiskostnader som ikkje vert påverka av endringar i klassetal, er haldne utanfor.
- Berekningane er basert på opplæringstilbodet skuleåret 2023/24 og tildelinga til skulane i budsjettfordelingsmodellen våren 2024.
- Snittkostnad per klasse er eksklusiv drift og vedlikehald av bygg og anlegg (FDV-kostnader) og eventuelle investeringsbehov til utstyr og inventar.

Snittkostnad per klasse er rekna til 2,0 mill. kr.

Tildeling til skulane det einskilde året skjer i budsjettfordelingsmodellen etter gjeldande tilbudsstruktur og faktisk snittløn per skule. Det vert altså ikkje tildelt midlar til skulane etter berekna snittkostnad per klasse.

Vedteke opplæringstilbod inneheld nokre halve klassar i ulike utdanningsprogram og programområde. Budsjettfordelingsmodellen legg til grunn at skulane får tildelt 75 % av ein heil klassekostnad til ein halv klasse då det ikkje vil vere mogeleg å slå saman to halve klassar i ulike utdanningsprogram eller programområde i alle fag. To halve klassar kostar difor fylkeskommunen tilsvarande 1,5 klasse og ikkje 1 klasse.

Det er lagt til grunn at ved oppretting, nedlegging eller samanslåing av skular er det, i tillegg til snittkostnad per klasse, rekna inn ein basiskostnad. Basiskostnad per skule eksklusiv kostnader ved drift og vedlikehald av bygg og anlegg (FDV-kostnader) er rekna til om lag 3 mill. kr.

Eigedom

Tabellen under viser vedteken prioritering, byggestart og kostnad av byggeprosjekta med særskilt løyving i skulesektoren. Grunna nødvendig tid til planlegging og regulering, så viser mogeleg byggestart nødvendig planleggingstid fram til byggestart. Framdrifta forutsett ei årleg løyving på om lag 800 mill. kr. (inkl. mva) til prosjekta i skulesektoren samla, inkludert rammeløyvingar. Framdrifta kan bli utsett både knytt til uføresette hendingar og reduserte løyvingar.

Skule	Pri.	Kost. mill. kr	Tilrådd byggestart	Mogeleg byggestart	Byggetid (år)
Dale vgs	1	40	2025	2025	1
Sotra vgs	1	1.197	2028	2028	2,5
Firda vgs	2	47	2026	2025	1
Slåtthaug vgs	2	227	2026	2026	1,5

Tabell 1 Vedteke prioritering, mogeleg byggestart og kostnadar av byggeprosjekta i tilbudsstruktursaka.

Samarbeid med lokalt arbeids- og næringsliv om opplæring

Når det gjeld samarbeid med lokalt arbeids- og næringsliv om opplæring eller bruk av verkstadlokale er dei fleste elevane på yrkesfag ute i praksis i faget yrkesfagleg fordjuping slik intensjonen med faget er.

Når det gjeld samarbeid om verkstadlokale eller undervisningsarena i programfag, skjer det i langt mindre omfang. Dette blir mellom anna omtala i sak PS 69/2024 Sluttrapport for pilotprosjektet på Bømlo, handsama av fylkestinget 18. og 19.6 2024 som peikar på utfordringane ein treff på i eit slikt samarbeid om opplæring. Det vil vere interessekonflikt mellom ei begynnaropplæring for ein elev sett opp mot produksjon og verdiskaping i ei bedrift. Elevane må få høve til å prøve og feile under kontrollerte forhold i ei pedagogisk ramme, og å nytte naudsynt tid til å bygge fagleg og sosial kompetanse. I ei bedrift er det behov for å ha ein produksjon gåande utan å måtte ta omsyn til elevar som kjem på toppen av ordinær produksjon. Dette omsynet gjeld både helse, miljø og sikkerheit i tillegg til kvalitet og kvantitet i produksjonen.

Samtidig kan det vere store forskjellar mellom utdanningsprogramma i kor stor grad ein kan ha praksis i programfag i bedrift. I teknologi- og industrifag, som var eit sentralt utdanningsprogram i pilotprosjektet på Bømlo, vert det oppfatta at krav til forkunnskapar og sjølvstende kan vere høgare enn i andre utdanningsprogram. Dette er også eit av utdanningsprogramma som er mest arealkrevjande og med høgast investeringskostnad på utstyrssida, og som potensielt kan gi innsparing i form av areal og utstyr gjennom samarbeid.

Eit utvida samarbeid med praksis i bedrift som har til føremål å redusere investeringskostnadar for fylkeskommunen vil også ha ein risiko for skuleeigar. Skulle verksemda trekke seg frå samarbeidet grunna økonomiske eller andre høve som påverkar drifta, står fylkeskommunen framleis ansvarleg for å gjennomføre opplæringa for elevane. Måløy vgs og Austevoll vgs har undervisningsløyve i akvakultur og har eit utvida samarbeid med oppdrettsbedrifter som driv merdane for skulane. Fiskeridirektoratet sine kriterium for undervisningsløyve er at dei skal bidra til at undervisningsinstitusjonane skal kunne tilby attraktiv, realistisk og kvalitativ god undervisning i praktisk akvakultur og akvakulturregelverk og slik bidra til rekruttering av personell med relevant kompetanse til akvakulturnæringa.

Med erfaringane som er gjort særleg gjennom pilotprosjektet på Bømlo, vurderer fylkesdirektøren at eit utvida samarbeid frå yrkesfagleg fordjuping til også å gjelde meir praksis i programfaga må kome som følgje av lokale initiativ mellom skule og bedrift. Det skapar eigarskap til eit slikt type samarbeid, forståing for målsetnadane, tydelege rolleavklaringar og grunnlag for eit forpliktande og gjensidig samarbeid.

Personalhandtering – omstilling

Forslaga fylkesdirektøren tilrår i denne saka vil gjere at det er tilsette som vert råka av endringar og omstillingar i høve til sin arbeidssituasjon og sitt noverande tilsetjingsforhold i Vestland fylkeskommune.

Fylkeskommunen har etablerte rutinar for handtering av personale ved omstillingar. Rettleiaren «Handtering av overtal blant pedagogisk tilsette i Vestland fylkeskommune» regulerer prosessane knytt til overtal og omstilling. Ved nedlegging av tilbod kan overtal oppstå, som vert definert som overskot av personalressursar i forhold til behov.

I skulen kan overtal oppstå som følgje av omstilling, eller som følgje av årleg justering av klassetal. Omstilling omfattar:

- Rasjonalisering, nedskjering eller nedlegging av verksemd
- Omorganisering eller omstrukturering som vesentleg forandrar arbeidssituasjonen
- Gjennomgripande endringar i arbeidet

Omstilling er vanlegvis konsekvensen av ein politisk vedtatt heilskapleg tilbodsstrukturplan. Det kan vere nedlegging av ein skule, samanslåing av skular, eller etablering av nye skular. Det kan også vere oppretting eller nedlegging av utdanningsprogram og programområde.

Større omstillingar vert prosjektorganisert på fylkesnivå, som eit tett samarbeid mellom fylkesdirektøren og dei involverte lokale einingane. Dersom omstillingane fører til overtal, skal reglane for overtal følgjast.

Ved overtal er det tre kriterium som vert vektlagt, i prioritert rekkefølge:



- Forholdet mellom uoppseielege og ordinært tilsette lærarar
- Kompetanse
- Tenesteansiennitet

Fylkesdirektøren jobbar parallelt med retningslinjer for omstilling i heile Vestland fylkeskommune, og involverer dei hovudtillitsvalde og hovudverneombodet i dette arbeidet.

Elevtalsutvikling og søking til vidaregåande opplæring

Elevtalsutvikling

For å ha eit godt grunnlag for forventa elevtalsutvikling, er folketalsframskrivinga til Statistisk sentralbyrå (SSB) og grunnskulen sitt informasjonssystem (GSI) brukt. Både tala frå GSI og framskrivinga til SSB viser ein signifikant nedgang i elevtalet dei neste åra. GSI-tala viser ein nedgang i elevtala fram til 2033 på 12,5%, medan framskrivinga til SSB til 2033 viser ein nedgang på 10,1%.



Figur 1 Avgangselevar frå grunnskulane i Vestland, 2024-2033, gsi.udir.no

Figur 2 Framskriving av folketalsutviklinga av 15-åringar, Vestland, ssb.no

Tala frå GSI er samanlikna med SSB si folketalsframskriving for 15-åringar for å sjå korleis talet på vg1- elevar fram til 2033 utviklar seg. I SSB sin statistikk for folketalsframskriving frå 5. juni 2024 har fylkesdirektøren bruk statistikk for 15-åringar mot tidlegare saker der det vart brukt statistikken for 16- åringar. Dette kjem av at statistikken baserer seg på alder per 1.januar det aktuelle året. Det vil seie at dei som har alderen 15 år 1.januar, kjem til å fylle 16 år i løpet av det aktuelle kalenderåret. Det er då desse ungdomane som er avgangselevar frå grunnskulen det aktuelle året, og som skal søke vg1 for første gang om hausten. Tolking av kva aldersgruppe som er riktig å bruke vart avklara i dialog med SSB 11.juli 2024.

GSI-tala viser det reelle talet på alle elevar i grunnskulen for dei ulike kommunane for dei ulike trinn. Tala er meldt inn av kommunane sjølve 15.desember 2023 og har med tal både på offentlege og private skular i kommunen. Sidan GSI-tala berre går til 2033 (dei som var førsteklassingar skuleåret 2023/24), har fylkesdirektøren brukt berekningane frå det året også fram mot skuleåret 2035/36 sjølv om folketalsframskrivinga til SSB viser ein nedgang også etter 2033.

Ut frå dei ulike framskrivingane har fylkesdirektøren kome fram til ein estimert nedgang i tal elevar for skuleåret 2035.

	Vestland	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033	%-vis nedgang	Estimert nedgang
Sunnhordland	SSB 15 år	893	988	901	930	887	811	866	843	843	770	14 %	15 %
	GSI	894	975	889	908	875	776	846	820	815	738	17 %	
Hardanger og Voss	SSB 15 år	545	553	578	551	540	537	536	544	538	505	7 %	10 %
	GSI	543	507	577	543	519	525	502	518	514	469	14 %	
Stor-Bergen	SSB 15 år	4784	4748	4754	4631	4590	4523	4418	4643	4622	4313	10 %	10 %
	GSI	4787	4785	4741	4608	4550	4523	4378	4616	4603	4292	10 %	
Nordhordland	SSB 15 år	495	523	515	475	517	479	504	485	456	420	15 %	18 %
	GSI	536	563	536	503	539	484	513	494	448	413	23 %	
Indre Sogn	SSB 15 år	349	334	352	305	335	317	349	333	348	360	-3 %	0
	GSI	352	338	346	305	323	313	334	312	335	355	-1 %	
HAFS, Sunnfjord og Sogn	SSB 15 år	684	669	707	742	674	583	641	619	586	589	14 %	16 %
	GSI	634	633	642	694	614	515	574	564	513	521	18 %	
Nordfjord	SSB 15 år	378	377	356	373	353	332	359	361	356	348	8 %	11 %
	GSI	405	414	401	399	378	356	375	379	370	350	14 %	
Vestland	SSB 15 år	8128	8192	8163	8007	7896	7582	7672	7828	7749	7304	10 %	11 %
	GSI	8122	8178	8012	7924	7767	7468	7495	7667	7583	7107	12 %	

Tabell 2 Estimert elevtalsnedgang basert på GSI og SSB-framskriving for 15-åringar for inntaksområda og heile Vestland


Det vil alltid vere usikkerheit knytt til eit slikt estimat. Innvandring, utvandring og flytting vil ha innverknad på tala. I tillegg vil den nye opplæringslova med fullføringsrett og utvida rett til omval kunne påverke tala. For at søkarane skal få oppfylt retten sin til eitt av tre valte utdanningsprogram på vg1 og eit programområde på vg2 som kvalifiserer frå vg1, vil det alltid vere behov for nokre ledige plassar. Til saman er det difor foreslått eit meirbehov på 10% elevplassar over forventa elevtal.

Ut frå dette har fylkesdirektøren berekna eit estimert behov for elevplassar som vist i tabellen under:

	Elevplassar 2023/24	Tal elevar skuleåret 2023/24	%-vis færre elevar i 2035/36	Estimert elevtal i 2035/36	Estimert behov +10%
Sunnhordland	2073	1783	15 %	1516	1667
Hardanger og Voss	1621	1298	10 %	1168	1285
Stor-Bergen	12436	11269	10 %	10142	11156
Nordhordland	1204	1053	15 %	895	985
Indre Sogn	922	790	0 %	790	869
HAFS, Sunnfjord og Sogn	1879	1616	16 %	1357	1493
Nordfjord	1376	1114	11 %	991	1091
Vestland	21511	18923	11 %	16860	18546

Tabell 3 Estimert behov for elevplassar skuleåret 2035/36

For skuleåret 2024/25 er det utlyst 20758 elevplassar jf. sak om opplæringstilbod PS 43/2023. Dette vil seie at det er eit reelt behov for å ta ned i om lag 2200 plassar frå utlyst tilbod.



Figur 3 Folketalsframskriving 15-17 år Vestland, hovudmodellen juni 2024, ssb.no

Folketalsframskrivinga for 15-17 åringer viser same utvikling som for 15-åringar med ein nedgang i ungdom på 10,1% til 2035.

Søking til vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune

Det er behov for å sjå på fordelinga mellom elevplassar innan studieførebuande utdanningsprogram og yrkesfaglege utdanningsprogram for å kunne gjere nødvendige grep i tilbodsstrukturen. Søkinga til vg1, slik det går fram av tabell 4, viser at det har skjedd ei markant dreining av søkinga over mot yrkesfaglege utdanningsprogram på 2,4 prosentpoeng dei siste tre skuleåra. Dette fører til eit auka behov innan yrkesfag og fleire ledige plassar på studieførebuande.

	2022/23	2023/24	2024/25
Yrkesfag	56,0%	56,5%	58,4%
Studieførebuande	44,0%	43,5%	41,6%

Tabell 4 Søking fordelt på yrkesfag og studieførebuande, vg1, henta frå Qlik.no

Også i inntaksområdet Stor-Bergen har prosentdelen søkarar til yrkesfaglege opplæringstilbod auka dei tre siste åra. Yrkesfag har tradisjonelt sett vore lågare dimensjonert i Bergen, primært grunna lågare søking, men også fordi søkarar har fått tilbod ved skular utanfor Bergen når inntaksområda ikkje har lagt rammer for inntaksarbeidet. Søkinga sidan oppstart av Vestland viser at det er behov for å tilpasse tilbodsstrukturen i Stor-Bergen og legge til rette for auka kapasitet på yrkesfag.

	2022/2023	2023/2024	2024/2025
Yrkesfag	48,7%	50,3%	51,8%
Studieførebuande	51,3%	49,7%	48,2%

Tabell 5 Søking fordelt på yrkesfag og studieførebuande vg1, Stor-Bergen, Qlik.no

Det vil alltid vere ei utfordring å dimensjonere tilbodet rett i forholdet mellom kompetansebehov og søkarane sine ønske. Samtidig er det nyttig å sjå korleis utlyste plassar og søking står i forhold til kvarandre for å kartlegge kor utfordringane er størst. Tabell 6 viser kor mange elevplassar det er utlyst på studieførebuande, yrkesfag og påbygging for dei ulike inntaksområda, og korleis dette samsvarar med søkinga for skuleåret 2024/25. Negative tal viser underdimensjonering.

Mange søkarar søker både privat og offentleg vidaregåande skule, spesielt i Bergen. Mange der vel å takke nei til eit offentleg tilbod.

Tabell 6 viser tydeleg at det er for få elevplassar på yrkesfaglege utdanningsprogram i heile fylket. I tillegg er det for mange plassar innan studieførebuande utdanningsprogram i alle inntaksområda unntak Stor-Bergen.

Ein trend som gir grunn til bekymring ut i frå eit kapasitetsomsyn er at det er svært mange fleire søkarar til yrkesfag i Stor-Bergen enn det er elevplassar til. Denne utfordringa må sjåast mot elevtalsutviklinga på kortare sikt og løysast gjennom midlertidige lokalar om ikkje søkinga kan handterast med eksisterande bygningsmessig kapasitet. Det betyr også at fylkesdirektøren må legge til grunn at det vert gitt tilbod på søkarane sine sekundærønske. Dette vil både bidra til at alle søkarane får oppfylt retten om tilbod på eitt av tre søkte utdanningsprogram og at arbeidslivet i større grad får tilgang på kompetanse.

Skuleåret 2024/25	Studieførebuande utdanningsprogram			Yrkesfagleg utdanningsprogram			Påbygging til generell studiekompetanse		
	Utlyste plassar	Søkarar	Differanse	Utlyste plassar	Søkarar	Differanse	Utlyste plassar	Søkarar	Differanse
Sunnhordland	737	648	89	1175	1241	-66	118	137	-19
Hardanger og Voss	666	587	79	827	799	28	30	54	-24
Stor-Bergen	6475	6729	-254	4885	5918	-1033	729	995	-266
Nordhordland	368	291	77	666	756	-90	129	137	-8
Indre Sogn	420	373	47	501	427	74	30	29	1
HAFS, Sunn- fjord og Sogn	841	733	108	888	893	-5	100	138	-38
Nordfjord	773	669	104	536	563	-27	62	58	4
Vestland	10280	10030	250	9478	10597	-1119	1198	1548	-350

Tabell 6 Oversikt over differansen mellom utlyst tilbud og søkarar fordelt på inntaksområde og utdanningsområde

Hybelbuarar i Vestland fylkeskommune

Det er høvesvis mange hybelbuarar i Vestland i dag, og enkeltskular har ein prosentvis stor del av desse. Skuleåret 2023/24 var det totalt 1726 elevar som var registrerte som hybelbuarar i Vestland fylkeskommune. Tabell 7 viser tal elevar som er registrert som hybelbuarar i dei ulike inntaksområda.

Inntaksområde	Hybelbuarar
Sunnhordland	191
Stor-Bergen	443
Hardanger og Voss	319
Nordhordland	20
Indre Sogn	191
Sunnfjord og Sogn	109
HAFS	25
Nordfjord	428

Tabell 7 Registrerte hybelbuarar skuleåret 2023/24 per område

Skular med flest hybelbuarar fordeler seg slik: Firda vgs 193 (75%), Austevoll 98 (45%), Voss vgs 139 (37%), Måløy

vgs 111 (36%), Voss gymnas 161 (30%), Eid vgs 86 (29%) og Sogndal vgs 179 (28%).

Skulane Stryn vgs, Førde vgs, Fusa vgs, Flora vgs og Dale vgs har over 12% av elevane buande på hybel.

Forsking viser at det er individuelle forskjellar på korleis elevane opplever og handterer tida på hybel. Til dømes opplever mange meistring når dei klarer å utvikle rutinar og strukturer tidsbruken sin, medan andre manglar rutinar for å handtere eit tilvære borte frå føresette. Med støtte frå kompetente vaksne er det lettare for dei unge hybelbuarane å vekse og få ein sunn overgang til vaksenlivet. Helsesøster, miljøkoordinatorar, sosialpedagogar og andre tilsette i vidaregåande skule viser seg å vere svært viktige for hybelbuarar¹.

Vestland fylkeskommune har over tid jobba systematisk og målretta for å legge til rette for at hybelbuarane frå første dag vert møtt på ein inkluderande måte og at det vert lagt til rette for sosiale aktivitetar slik at ungdomane tidleg får ei god oppleving lokalt. Dette grunnlaget er viktig for at ungdomane bygger sosial tilhøyrse, skapar nettverk og trivsel sosialt og fagleg. Skulane har tilsette med god sosialpedagogisk kompetanse som bidreg til å legge sosial og fagleg ramme for både skulekvardagen og det sosiale livet utanom skuletid.

Det er vanskeleg å estimere om og eventuelt kor mange som vel å søke tilbod som gjer at dei må flytte på hybel ved endringar i tilbodsstrukturen. Mange vil, som no, søke på andre tilbod ved næraste skule, også ved større eller mindre endringar. Fylkesdirektøren har sett spesielt på tilboda på vg1 for å ivareta prinsippet om å hindre ufrivillig lang reiseveg og at fleire må flytte på hybel.

Opplæringstilbod for minoritetsspråklege elevar

Dei fleste minoritetsspråklege elevane får opplæring i ordinære klassar og i ordinære opplæringstilbod, med eller utan særskilt språkopplæring. Skuleåret 2023/24 fekk om lag 570 elevar særskilt språkopplæring, der omlag 70% av elevane får opplæring i vidaregåande skule i Bergensområdet.

Nykome ungdommar mellom 16-18 år som har rett til vidaregåande opplæring får tilbod om særskilt organisert språkopplæring i innføringsklasser og kombinasjonsklasser.

Opplæringa i innføringstilboda skal førebu dei unge minoritetsspråklege på innhald og nivå til opplæring på vg1. Det vert lagt stor vekt på å styrke kompetansen i norsk gjennom alle fag.

Nykomne ungdom i aldersgruppa 16-24 år som treng grunnleggande norskopplæring og har rett til grunnskuleopplæring eller meir grunnskuleopplæring før dei startar i vidaregåande skule, får opplæring i kombinasjonsklassar. Opplæringa finn stad på dei vidaregåande skulane og er fellesfinansierast med kommunane.

Tal forventa søkarar med minoritetsspråkleg bakgrunn som vil starte i vidaregåande, er ein del av talgrunnlaget frå GSI og frå prognostiserte tal frå SSB som vert nytta i saka. Prognose for minoritetsspråklege unge og vaksne som vil kome til landet er usikre og kan varierer med verdssituasjonen, arbeidsinnvandring og politiske vedtak om busetting av flyktningar og dynamiske endringar. Fleksibel tilpassing av opplæringstilboda vi vere nødvendig også i framtida.

Vidaregåande opplæring for vaksne

Ny opplæringslov endrar organisering og gjennomføring av vidaregåande opplæring for vaksne. Frå hausten 2024 vert 13 lærefag modulbaserte. På den eine sida får dei vaksne auka rettar, men møter også strukturelle endringar, særleg med innføring av modulstrukturerte læreplanar i 13 lærefag der all vidaregåande opplæring for vaksne bygger på realkompetanseopplæring. Den vaksne tek den eller dei modulane vedkommande treng, og i prinsippet kan all opplæring skje i bedrift.

Frå hausten 2024 startar Vestland fylkeskommune opp modulstrukturert opplæring i tre av læreplanane: helsearbeidarfaget, kokkfaget og ernæringskokkfaget. Opplæringa skal i hovudsak gå føre seg i bedrift, noko som krev mindre fysisk kapasitet i skulane enn tidlegare.

¹ W. Wannebo, S. A. Devik og L. Uhrenfeldt: Meanings of Living in Lodgings During Senior High School

Ny opplæringslov innfører også ein rett til yrkesfagleg rekvalifisering. Aktuelle kandidatar har rett på éi rekvalifisering, anten kandidaten har fullført studiekompetanse og ønsker ein yrkesfagleg kompetanse eller har fullført fag- eller sveinebrev og ønsker ein ny yrkesfagleg kompetanse.

Yrkesfagleg rekvalifisering skal også primært organiserast som vidaregåande opplæring for vaksne, og kandidatar kan søke på lik line med andre vaksne om tilbod som er lyst ut. Erfaringsmessig i Vestland er det ein stor del arbeidstakarar som allereie i dag rekvalifiserer seg. Dette skjer i hovudsak gjennom kandidaten sitt ordinære tilsetjingsforhold og krev ikkje ekstra kapasitet i dei vidaregåande skulane.

Vestland fylkeskommune har hatt som praksis å tilby ulike modellar for opplæring innan ulike fagområde med utgangspunkt i arbeidslivet sitt behov, både for vaksne med og utan rett. Om lag 2000 vaksne tek del i ulike tilbod for vaksne i Vestland fylke kvart år. Fylkesdirektøren vil difor anta at behovet for vidaregåande opplæring for vaksne vil vere relativt stabilt i åra framover, sjølv om rettane for vaksne er styrka.

Kompetansebehov

I arbeidet med heilskapleg plan for tilbodsstruktur og dimensjonering av vidaregåande opplæring er det mange omsyn å ta, både i høve til søkerane sine ønske, kompetansebehov, økonomi og andre strategiar og planer i fylkeskommunen.

Fylkeskommunene har et strategisk ansvar for tilgang til utdanning og kompetanse i sitt fylke. I dette ansvaret ligger det at fylkeskommunen, i samarbeid med det regionale kompetansepartnerskapet, utarbeider kunnskapsgrunnlag om regionale kompetansebehov, fylkeskommunale kompetanseplaner eller strategier og årlige handlingsplaner. Hensikten er at private og offentlige virksomheter skal få tilgang på arbeidskraft med oppdatert og god kompetanse.

Fylkeskommunene har et særlig ansvar for å dimensjonere VGO. Opplæringsloven fastslår at fylkeskommunene skal planlegge og bygge ut opplæringstilbudet med hensyn til nasjonale mål, søkerens ønsker og behov i samfunnet. (Meld St.21 (2020-2021)).

Det framtidige kompetansebehovet i Vestland vert påverka av mange faktorar basert på ei aldrende befolkning, behov for grøn omstilling av næringslivet, auka digitalisering og teknologisk utvikling i tillegg til auka usikkerheit i verda og verdsøkonomien. I framskriving av eit framtidig kompetansebehov er historiske data frå arbeidslivet lagt til grunn for å analysere utviklinga i etterspurd arbeidskraft frå ulike yrkesgrupper og den faktiske sysselsetjingsveksten i dei same yrka, bedriftsundersøkingar frå NAV og alderssamansetjinga i ulike yrkesgrupper.

Ut i frå analyse om etterspurd arbeidskraft basert på kunngjorde stillingar har det vore størst etterspurnad etter arbeidskraft med yrkesfagleg kompetanse innan bygningsarbeid, metall- og maskinarbeidarar og helserelaterte stillingar. Dette er i samsvar med bedriftsundersøkinga til NAV i 2023 som også peikar på behov innan desse sektorane.

I enkelte yrkesgrupper er det høg alder på tilsette, noko som vil medføre eit stort erstatningsbehov i åra framover. Yrkesgrupper knytt til ingeniør-, bygning- og transportarbeid har ein tydleg negativ rekruttering av unge arbeidstakarar. Yrkesgrupper knytt til realfagsutdanningar, IKT-rådgjeving og helse- og omsorg er det også høg grad av tilsette med høg alder, som vil ha eit stort erstatningsbehov i åra framover. I desse yrkesgruppene er det i dag ei positiv rekruttering av unge arbeidstakarar.

Vedteken heilskapleg tilbodsstruktur

Følgande forkortingar vert nytta for utdanningsprogramma og påbygging til generell studiekompetanse.

Utdanningsprogram	Forkorting	Utdanningsretning
Idrettsfag	ID	Studieførebuande
Kunst, design og arkitektur	KD	Studieførebuande
Medium og kommunikasjon	MK	Studieførebuande
Musikk, dans og drama	MD	Studieførebuande
Studiespesialisering	ST	Studieførebuande
Påbygging til generell studiekompetanse	PB	Studieførebuande
Bygg- og anleggsteknikk	BA	Yrkesfagleg
Elektro og datateknologi	EL	Yrkesfagleg
Frisør, blomar, interiør og eksponeringsdesign	FD	Yrkesfagleg
Handverk, design og produktutvikling	DT	Yrkesfagleg
Helse- og oppvekstfag	HS	Yrkesfagleg
Informasjonsteknologi og medieproduksjon	IM	Yrkesfagleg
Naturbruk	NA	Yrkesfagleg
Restaurant- og matfag	RM	Yrkesfagleg
Sal, service og reiseliv	SR	Yrkesfagleg
Teknologi- og industrifag	TP	Yrkesfagleg

Tabell 8 Forkortingar for utdanningsprogramma i tilbodsstrukturen

Med monaleg færre søkarar til vg1, er det behov for å redusere tal elevplassar og legge til rette for ein tilbodsstruktur som kan vere berekraftig over tid.

Alle inntaksområda opprettheld dei fem store utdanningsprogramma – studiespesialisering; helse- og oppvekstfag; bygg- og anleggsteknikk; elektro og datateknologi, og teknologi- og industrifag. Unntaket er inntaksområdet HAFS, som berre består av Dale vgs. Vestland fylkeskommune har tilbod om alle utdanningsprogram i den nasjonalt fast-sette tilbodsstrukturen.

I heile fylket har skulane i stor grad komplementære tilbod for å ikkje konkurrere med kvarandre, men heller utfylle kvarandre sine programområdetilbod.

Sunnhordland

Tidslinje for endringar i Sunnhordland

Skule	Aktivitet	Start	Stopp	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033	2034	2035
Austevoll vgs	Ta vekk vg1 HS	2026			x									
Fitjar vgs	Ta vekk FBIE	2030							x					
Kvinnherad vgs	Redusere ein klasse ST	2029						x	x	x				
Kvinnherad vgs	Redusere ein klasse TP vg1	2029						x						
Stord vgs	Ta vekk påbygging	2028					x							
Stord vgs	Ta vekk SR	2028	2029				x	x						

Tabell 9 Tidslinje for endringar i Sunnhordland

Austevoll vgs

Tal elevplassar i skuleåret 2035/36 vil vere 210.

		Elevplassar utlyst 24/25	Endring elevplassar	Elevplassar etter endring	Årstal endring
	Austevoll vgs	225	-15	210	
HS	Helse- og oppvekstfag, vg1	15	-15		2026
NA	Naturbruk, vg1	60	0	60	
	Akvakultur, vg2	30	0	30	
	Fiske og fangst, vg2	30	0	30	
TP	Teknologi- og industrifag, vg1	30	0	30	
	Maritime fag, vg2	60	0	60	

Tabell 10 Elevplassar, Austevoll vgs

Bømlo vgs

Tal elevplassar i skuleåret 2035/36 vil vere 381.

		Elevplassar utlyst	Endring av elevplassar	Elevplassar etter endring
	Bømlo vgs	381	0	381
EL	Elektro og datateknologi, vg1	30	0	30
	Automatisering, vg2	15	0	15
	Automatiseringsfaget, vg3	15	0	15
	Elenergi og ekom, vg2	15	0	15
HS	Helse- og oppvekstfag, vg1	32	0	32
	Barne- og ungdomsarbeidarfag, vg2	15	0	15
	Helsearbeidarfag, vg2	16	0	16
NA	Naturbruk, vg1	16	0	16
	Akvakultur, vg2	16	0	16
PB	Påbygg. gen. studiekompetanse, vg3	30	0	30
ST	Studiespesialisering, vg1	30	0	30
	Realfag, vg2 og vg3	30	0	30
	Språk, samfunnsfag og økonomi, vg2 og vg3	30	0	30
TP	Teknologi- og industrifag, vg1	46	0	46
	Industrieteknologi, vg2	15	0	15
	Maritime fag, vg2	30	0	30

Tabell 11 Elevplassar, Bømlo vgs

Fitjar vgs

Tal elevplassar i skuleåret 2035/36 vil vere 198.

		Elevplassar utlyst	Endring elev- plassar	Elevplassar etter endring	Årstal endring
	Fitjar vgs	213	-15	198	
FD	Frisør, blomar, interiør og eksponerings- design, vg1	15	-15	0	2030
HS	Helse- og oppvekstfag, vg1	60	0	60	
	Helse- og oppvekstfag, SK 3år, vg1	20	0	20	
	Barne- og ungdomsarbeidarfag, vg2	15	0	15	
	Helsearbeidarfag, SK 3år, vg2	20	0	20	
	Helsearbeidarfag, vg2	30	0	20	
PB	Påbygg. gen. Studiekompetanse, vg3	15	0	15	
	Påbygg gen studiekomp e/yrkeskomp, vg4	15	0	15	
